



Arkivnr: 2015/1160-11

Saksbehandlar: Ruth Ørnholst, Sigrid Furnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018

### Evaluering av bokbåttenesta i Hordaland

#### Samandrag

Saka gjeld evaluering av bokbåttenesta i Hordaland, jf vedtak 20.03.2018 i PS 38/18 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Tenesta har sidan 2015 vore drifta i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune etter at Sogn og Fjordand fylkeskommune hausten 2014 vedtok å trekke løyvinga til drift av bokbåten. Det er sett i gong tilsvarende evaluering i Møre og Romsdal fylkeskommune for handsaming i Kultur- og folkehelseutvalet 16.05.2018.

Tilgjengelege tal viser at samla utlån og besøk på biblioteka har auka i Hordaland dei seinare åra. Hovudbiblioteka i mange kommunar er styrka med opprusting av lokale og auka opningstider. Nokre bibliotek i har blitt «meiropne», dvs. at publikum har tilgang til biblioteket utanom bemanna opningstid.

Likevel er ikkje den samla bruken av folkebiblioteka i Hordaland på høgde med resten av landet. Dette kan mellom anna skuldast at det er lagt ned 30 bibliotekavdelingar og bokbussteneste i åtte kommunar sidan år 2000. Bibliotektilbodet i kommunane er blitt sentralisert, slik at avstanden til nærmeste bibliotek har auka for dei som bur i utkantane. I tillegg er løyvingar til innkjøp av media i biblioteka redusert dei siste 20 åra, skulebiblioteka har heller ikkje fått eit monaleg løft.

Bokbåten vart i si tid etablert og grunngjeve som eit regionalt utjamnande tiltak, som skulle nå ut til innbyggjarane der det ikkje fant andre bibliotektilbod. Samlingane skulle vere oppdaterte og aktuelle, og vere del av eit samla program for formidling av litteratur og kunnskap. Bokbåttenesta er sidan etableringa utvikla til eit tilbod i samsvar med gjeldande føremålsparagraf i Biblioteklova – som møteplass og arena for brei kunnskaps- og kulturformidling.

Tenesta er fundert på samarbeid med kommunane, vert drifta i samarbeid med Lindås kommune, og er eit supplement til kommunane sitt bibliotektilbod. Dei seinare åra er kulturformidlinga del av Den kulturelle skulesekken. Evalueringa viser at bokbåten si verksemd er i samsvar med vedtekne intensjonar, og at funksjonen som bibliotek og formidlingsarena er utvikla i takt med andre bibliotektenester.

Det mobile biblioteket er rimeleg i drift i høve til utlån og bruk av kulturtildel. Likevel er det ei vesentleg utfordring at tenesta blir utført om bord på ein båt. Særleg reiser dette spørsmål om universell tilgjenge og båten sitt miljøavtrykk. Dersom bokbåttenesta skal ut på framtidige anbod i samband med ei eventuell vidareføring av tilboden, må det leggjast vekt på å sikre ein leveranse med miljøvenleg drift og med universell tilgjenge. Det bør også stillast tydelege krav til tilrettelegging av biblioteksalong, med nok plass til bøker, publikum og tilrettelegging for kulturframsyningar.

Kostnadene ved leige av bokbåten har sidan etableringa vore delt mellom fleire fylkeskommunar. Fylkesrådmannen legg til grunn at utfallet av den politiske handsaminga av saka i Møre og Romsdal fylkeskommune vil vere avgjerande for korleis ein vurderer framtida til tenesta i Hordaland og eventuelt i den framtidige fylkeskommunen. Ut i frå dei økonomiske forpliktingane som følgjer av framtidige avtalar, rår fylkesrådmannen til at Hordaland fylkeskommune ikkje tek på seg å drifta tenesta på eiga hand.

**Økonomi:** Evalueringa har ingen konsekvens for budsjettet i 2018

**Klima:** Ikke relevant

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa

**Regional planstrategi:** Drift og utvikling av bokbåten som eit utjamnande bibliotektilbod, er eit tiltak i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av bokbåttenesta til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at avtale om drift av bokbåten i Hordaland vert lengja frå 1.09.2018 til 31.08.2019 innanfor gjeldande budsjettrammer.
3. Dersom samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal kjem til ende, vil også Hordaland fylkeskommune avslutte sin avtale på drift av bokbåten. Blir det ikkje vidare drift av bokbåten i Hordaland, legg fylkesutvalet til grunn at det vert etablert andre bibliotektiltak i samarbeid med kommunane som verkar utjamnande, fremjar kunnskap, og legg vekt på brei kultur- og litteraturformidling.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Evaluering av bokbåttenesta i Hordaland - rapport

## Fylkesrådmannen, 15.05.2018

### Bakgrunn

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 20.03.2018 (PS 38/18) å be fylkesrådmannen gjennomføre ei evaluering av bokbåttenesta. Evalueringa skal gjere greie for om bokbåten si verksemnd har vore i samsvar med vedtekne intensjonar og korleis bokbåten som bibliotek og formidlingsarena har utvikla seg. Utvalet vedtok i tillegg at evalueringa skulle samordnast med prosess i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Bakgrunnen for saka er felles rammeavtale om kjøp av bokbåtteneste for Hordaland og Møre og Romsdal, som er inngått for perioden 01.09.2015 - 31.08.2018. Avtaleperioden kan forlengast med ytterlegare eit år. Fylkeskommunane må innan 3 månader før utløpet av avtalen varsle leverandøren om forlenging, dvs. at Hordaland fylkeskommune må gi beskjed om ein ønskjer å nytte seg av opsjon på forlenging av avtalen, innan 31.05.2018.

I saka i mars; PS 38/18, vart det peikt på at det i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, er aktuelt å greie ut om bokbåten skal vere eit tilbod i det nye fylket frå 1.januar 2020. Ei slik utgreiing kan bli lagt fram til politisk handsaming våren 2019, dersom det blir vedtatt å lengje avtalen med eitt år.

Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har bedt om sak om evaluering av bokbåttenesta til møte 16.mai. Fylkesrådmannen er kjend med arbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune, men det har vore krevjande å samordne dei to evaluatingsprosessane. Fylkesrådmannen i Møre og Romsdal rår i saksframlegget til at bokbåttenesta vert avslutta frå 1. september 2018. Han foreslår at utvalet går inn for å prioritere tiltak og tenester som kan vere eit tilbod til alle kommunane og vidareføre ordninga «Kultursekk i barnehage».

Fylkesrådmannen legg til grunn at utfallet av den politiske handsaminga av saka i Møre og Romsdal fylkeskommune vil vere avgjerande for korleis ein vurderer framtida til tenesta i Hordaland og eventuelt i den framtidige fylkeskommunen. Dersom det blir vedtak om nedlegging i Møre og Romsdal frå hausten 2018, må ein ta etterhald om bokbåteigar ønskjer å fornye avtalen med Hordaland for eitt år. Det er også eit spørsmål om Hordaland fylkeskommune bør koste drift av båten på eiga hand. Ut i frå dei økonomiske forpliktingane som følgjer av framtidige avtalar, rår fylkesrådmannen til at Hordaland fylkeskommune ikkje tek på seg å drifte tenesta på eiga hand.

Fylkesbiblioteket har utarbeidd rapport med evaluering av bokbåttenesta i Hordaland, som ligg ved saka. Evalueringa er laga med grunnlag i ei evaluering frå 1995, tilgjengeleg bibliotekstatistikk og to bøker som er skrive om bokbåten.

### Oppsummering av evalueringa

I Hordaland har bibliotektilbodet i mange kommunar blitt sentralisert dei siste åra. Samstundes er ei rekke bokbussar lagt ned og det har ikkje gjennomført ei monaleg satsing på skulebibliotek. Det er lagt ned 30 bibliotekavdelingar og bokbussteneste i åtte kommunar sidan år 2000.

Trass i at utlånet og besøk på biblioteka har auka i Hordaland, er framleis ikkje bruk av folkebiblioteka på høgde med resten av landet. Hovudbiblioteka er mange plassar styrka med opprusting av lokala og betre opningstider. Nokre bibliotek i har blitt «meiropne», dvs. at publikum over 16 år (eller eldre) har tilgang til biblioteket utanom bemanna opningstid. Løyvingar til innkjøp av media i biblioteka har blitt redusert dei siste 20 åra.

På 1990-talet hadde ein typisk bokbåtkommune under 5 000 innbyggjarar, var utan fagutdanna bibliotekleiar, løyvde under gjennomsnittet for Hordaland per innbyggjar til bibliotek, og hadde eit utlån godt under landsgjennomsnittet. I 2018 er bokbåten meir enn tidlegare, blitt eit utjamnande og fleksibelt tiltak som veg

opp for reduksjon i kommunale biblioteknester, og er med på å fremje interesse for lesing og bibliotek i 22 kommunar i Hordaland.

Kommunane reknar meir enn tidlegare med bokbåtstoppa i planlegging av bibliotektilbodet sitt. Tal på stoppestadar er stabilt, og det blir lagt ned og oppretta nye stopp kvart år i dialog med kommunane. Den stabile bruken av bokbåten kan tyde på at samarbeidet med kommunane fungerer godt.

Avstanden til nærmeste bibliotek har auka for dei som bur i utkantane. Bokbåten er eit utjamnande tiltak og eit supplement til kommunane sitt bibliotektilbod. På bokbåten kjem born på dagtid, mens det om ettermiddagen og i helgene kjem familiar og heile bygder. Kulturprogramma på kveldstid for vaksne, har blitt godt motteken på plassar som ligg langt frå hovudbiblioteket, som har denne type tilbod.

Det mobile biblioteket er rimeleg i drift i høve til utlån og bruk av kulturtild. Det er fleksibelt og flyttar seg etter der folk bur. Innhaldet i bibliotekrommet har endra seg i takt med teknologisk utvikling og brukargruppene ein ønskjer å nå. Etter mi vurdering oppfyller Bokbåttenesta i Hordaland føremålsparagrafen i Biblioteklova. Den er ein møteplass og arena for kunnskaps- og kulturformidling, samlingane er oppdaterte og aktuelle, og dei bibliotektilsette om bord driv med aktiv formidling av litteratur og kunnskap.

Det ligg vesentlege utfordringar i at tenesta vert utført om bord på ein båt. Det reiser spørsmål om universell tilgjenge og miljø. Dersom bokbåttenesta skal ut på nytt anbod i samband med ei utviding av tilboden i det nye vestlandsfylket, må det leggjast vekt på tilhøve knytt til miljøvenleg drift og universell utforming. Det bør også stillast krav til biblioteksalongen, med plass til bøker, publikum og tilrettelegging for kulturprogram.

## **Konklusjon**

Evalueringsrapporten viser at bokbåten si verksemd er i samsvar med vedtekne intensjonar, og at bokbåten som bibliotek og formidlingsarena har utvikla seg i takt med andre biblioteknester. Bokbåten er eit fylkeskommunalt utjamnande tiltak, som når ut til brukarane der dei bur. Tenesta er fundert på samarbeid med kommunane og supplerer kommunane sitt bibliotektilbod. Kvaliteten blir sikra ved samarbeid med Den kulturelle skulesekken og det bibliotekfaglege miljøet i Lindås.

Eg tilrår at avtale om drift av bokbåten i Hordaland blir forlenga frå 1.09.2018 til 31.08.2019 og at sak om utviding av tilboden til heile det nye vestlandsfylket blir lagt fram våren 2019.